

# JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING FOR 2020

### STYREVERV OG REPRESENTASJON

#### **Styre:**

<i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Pål-Lasse Torstad</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Øivind Groven</i>	<i>(2020 – 2024)</i>
<i>Tore Amundgård</i>	<i>(2020 – 2024)</i>
<i>Marit Rolstad</i>	<i>(2020 – 2024)</i>

#### **Varamedlemer 2018 -2022:**

- 1. Konrad Eithun*
- 2. Håvard Syse*
- 3. Dag Siljehaug*

#### **Varamedlemer 2020 – 2024:**

- 1. Morten Hovhaugholen*
- 2. Irene Amundgård*
- 3. Brit Elin Gråberg*

#### **Valgkomitè:**

*Tor Egil Selsjord*  
*Ola B. Killi*  
*John Magne Skaalgaard*

#### **Varamedlem til valgkomitèen:**

*Arnulf Bentsdal*

#### **Revisor:**

*PricewaterhouseCoopers AS, Lillehammer*

Styreleiar *Tor Ivar Hovhaugholen* er ålmenninga sin representant i *Dovre Elgutvalg*, og han er styremedlem i *Snøhetta Villreinutvalg*.

Årsmøte og ålmenningsval 2020 vart halde på Joratunet 14. oktober (utsett frå med 5 styremedlemer til stades. På grunn av pandemien og smittesituasjonen var årsmøte og val utsett frå planlagt dato 22. april.

Det er gjennomført fem styremøte i 2020. Ein del saker er behandla per e-post.

Det er ikkje gjennomført befaringar I 2020.

### ADMINISTRASJON

#### **Kontor og rekneskap**

Frå 01.01.2020 er *Narve Tveiten* attende som tilsett styrar etter to år som innleigd arbeidskraft. I tillegg til vanlege arbeidsoppgåver som styrar fører han òg rekneskapen for ålmenninga.

## SPESIELLE STYRESAKER I 2020

### *Frivillig vern av skog*

Ordninga med frivillig vern av skog er eit samarbeid mellom Klima- og miljøverndepartementet og Norges Skogeierforbund om at alt skogvern på privat grunn skal skje som frivillig vern. Stortinget sette i 2016 opp som mål å verne 10% av skogarealet. Hittil er verna ca 5%. Skogeigarforeninga (Glommen Mjøsen Skog) har eit ansvar for å følgje opp ordninga.

Frivillig vern av skog vil si at skogeigar tilbyr staten skog som fredast som naturreservat etter Naturmangfaldlova, mot erstatning. Det er skogeigar som tilbyr. Det er inga binding ved å tilby og starte prosessen, og skogeigar kan trekkje seg når som helst i prosessen. Ein beheld jaktrett, fiskerett og beiterett – hogstretten fell bort. Erstatninga er ei skattefri eingongsutbetaling for all framtid. Staten betaler alle kostnader gjennom heile prosessen. Skogeigarforeninga hjelper grunneigar gjennom heile prosessen.

Det er særleg gamal skog som har verneverdi.

Gjennomsnittleg erstatning (landsgjennomsnitt) dei siste åra har vore i underkant av 3.000 kroner per dekar.

Ved skogtakseringa i 2019 vart ein del areal i området ved Steinhovda som ved tidlegare takstar var klassifisert som uproduktivt skogareal omklassifisert til produktivt areal. Det dreiar seg om ca 1000 dekar. Dette er område det ikkje har vore skogsdrift i på over 50 år, heller ikkje vedhogst. Boniteten i området er F6, hogstklasse 5B og alder 300 år. Det står 3,7 m<sup>3</sup> per dekar – 15 tre per dekar.

Styret har bede Glommen Mjøsen Skog om å starte prosess med frivillig vern i området ved Steinhovda. I tillegg til produktivt skogareal er det teke med ein del uproduktivt areal, totalt 1.466 dekar.

### *Søknad om løyve til sal av seterbebyggelse etter bortfall av opptatt seter.*

Nina Mariplass og Konrad Eithun har to setre til disposisjon ved at dei driv to bruk som bår har seter; Frekstad med seter på Grønsetre og Mariplass med seter på Gardsenden. Dei brukar berre setra til Frekstad og ynskjer å kvitte seg med setra til Mariplass. Dei ynskjer å selja bebyggelsen på Mariplassetre.

Etter § 6-7 bokstav a) i lov om bygdeallmenningar fell retten til opptatt seter bort ved "oppgivelse utan forbehold".

Etter § 6-8 har eigar rett til å ha seterhus ståande som før òg etter at retten til opptatt seter er falt bort etter § 6-7 bokstavane a) eller b), så lenge det blir halde vedlike og tilhøyrrer eigedom med tilliggande bruksrett. Det skal opprettast festekontrakt med ålmenninga. Utviding av bebyggelsen, sal og bortleige må godkjennast av ålmenningsstyret.

Etter § 6-9 kan ålmenningsstyret i samband med sal av seterhus m.v. til eigar av annan eigedom med tilliggande bruksrett, overføre retten til setra til denne eigedomen når vilkåra etter § 6-4 fyrste ledd ligg føre. Denne bestemmelsen gjeld òg rett som er falt bort etter § 6-6 og § 6-7, dersom ikkje anna er bestemt i bruksreglane for den enkelte ålmenning.

Etter 6-4 har eigeedom med tilliggande bruksrett i bygdeålmennning rett til å få utvist seter i ålmenninga – enten aleine eller saman med andre (fellesseter) – når det kan godtgjerast at seter er naudsynt for drifta av eigedommen.

Ved årsskiftet 2020/-21 ligg saka ute til gjennomsyn, med frist til 15.01.2021 til å melde interesse for å overta setra setra

## **BRUKSRETT**

Per 31.12.2020 var det 110 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdeålmennning, i alt 159 bruk. Det er som året før.

Det er utbetalt kr 273.509 i *bruksrettsytingar og tilskot* til bruksrettshavarar, mot kr 170.443 året før.

Det vart blinka ved på rot 14 bruksrettshavarar dette året ved rydding langs veg, vindfall, tyritopp og uttak av mindreverdig vyrke.

Oversikt over *beitebruk* (fjorårstall i parentes):

Det blei sleppt totalt 647 (653) søyer, og 1173 (1188) lam på beite sesongen 2020. I tillegg blei det sleppt 195 (150) storfe.

Det totale tapet for sesongen 2020 blei 18(18) søyer og 45 (46) lam. Av det totale tapet skuldast ein del no som før, togpåkjørsel pga dårleg gjerde. Gjerdinga langs Dovrebanen pågår framleis, og er fullført på store delar av strekningen gjennom beiteområdet. Ingen kjente tap pga rovdyr. Av storfe gjekk ingen dyr tapt på beite i 2020.

## **SKOGBRUKET**

### *Skogkultur*

Skogkultur utført i 2020 er:

Planting	60 da
Ungskogpleie	43 da
Førehandsrydding	26 da

Total kostnad er kr 87.040. Det er innvilga kr 25.204 i tilskot.

### *Skogsdrifter*

Det er hogge ca 1.900 m<sup>3</sup> tømmer som slutthogst (frørestilling) og som hogst av frøtre. Hogsten vart utført av entreprenør Næsbø Skog og administrert av Glommen Mjøsen Skog. Skurtømmeret blir levert til Skjåk Trelast og Østerdalsbruket Moelven, og massevyrke til Stora Enso Skog (Sverige). Ved årsskiftet 2020/-21 er 655 m<sup>3</sup> skurtømmer utkjørt, resten ligg på lager ved bilveg. Resultat av drifta kjem i neste årsmelding.

## Ny skogbruksplan

I løpet av året har vi fått ny skogbruksplan. Planen inkl. beiteskaderegistrering kostar kr 160.285. Statstilskotet dekkjer 50% av kostnaden.

I tabellen nedanfor er det sett opp ei samanlikning av data frå ny og gammal skogbruksplan med kommentar til endringane i dei to skogtakseringane:

	2019	1997	Endring%	Kommentar
Totalt areal	82609			
Produktivt areal drivverdige arealer	10715	9107	18	1
Registrert areal med nøkkelbiotoper (2019/ 2005)	748	63		
Produksjonsevne per dekar	0,26	0,24	8	2
Produksjonsevne	2742	2191	25	2
Årleg nyttbart hogstkvantum (balansekvantum)	1346	1280	5	
Høg bonitet (17 og høgare)%	1	1		
Middels bonitet (11 og 14)	57	49		3
Låg bonitet (8 og lågare)	42	50		3
Hogstklasse 1 (i % av areal)	1	4		
Hogstklasse 2	11	35		4
Hogstklasse 3	35	14		4
Hogstklasse 4	12	3		4
Hogstklasse 5	40	45		
Kubikkmasse drivverdige arealer	109815	73430	50	5
Kubikkmasse per dekar på drivverdige arealer	10	8	25	5
Gjennomsnittlig tilvekstprosent	2,9	2,4		6
Total tilvekst	3186	1792	78	6
Tilvekst hogstklasse 2	70	229	-69	6
Tilvekst hogstklasse 3	1701	688	147	6
Tilvekst hogstklasse 4	666	65	925	6
Tilvekst hogstklasse 5	749	810	-8	6
Tilvekst furu	2473	1340	85	6
Tilvekst gran	552	350	58	6
Tilvekst lauv	157	102	54	6
<b>Kommentar:</b>				
1 - Høgareliggjande areal (Sør Steinhovda mm) på bon. 6 er teke med				
2 - Har samanheng med 1				
3 - Svak bonitetsheving				
4 - Markert forskyvning frå h.kl. 2 og 3, til 3 og 4				
5 - Har samanheng med 4				
6 - Forskyvning i h.kl.fordeling gjev store utslag i tilvekst				
klimaendring?				
14.10.2020 NT				

## JAKT

### *Elg- og hjortejakt*

Hjortejakt: Inga spesiell hjortejakt dette året.

Elg- og hjortejakt i Fjellfeltet

Lag: *Tom Kappelslåen*

Kvote elg: 1 eldre okse, 1 yngre okse og 2 ungdyr/kalv

Felling elg: 1 voksen ukse (215 kg), 2 ungdyr kolle (142 kg, 148 kg) og 1 ungdyr ukse (130 kg)

Kvote hjort: 1 fritt dyr

Felling hjort: Ingen

Elg- og hjortejakt i Skogfeltet:

Lag: *Jon Ove Solstad*

Kvote elg: 1 eldre kolle, 1 yngre ukse og 3 ungdyr/kalv

Felling elg: 1 voksen okse (165 kg), 1 vakse kolle (170 kg, skada), 1 ungdyr kolle (115 kg), 1 ungdyr ukse (142 kg) og 1 kupalv (77 kg)

Kvote hjort: 1 fritt dyr

Felling hjort: Ingen

### *Småviltjakt*

Oversikt over kortsalg:

<b>Korttype:</b>	<b>Prisar (u.b./i.b./br.r.)</b>	<b>Utanbygds (rupe + hare:</b>	<b>Innanbygds:</b>	<b>Bruksrett:</b>
Sesongkort med hund	1300/650/0	12+6	8	3
Sesongkort utan hund	1200/600/0	8+2	4	
3-dagars kort med hund	800/400/---	4+1		
3-dagars kort utan hund	700/350/---	2		

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal frå 2019 i parentes).

Hare: 0 (7) stk. på 13 (25) jakt dagar fordelt på 3 (4) jegerar.

Rupe: 46 (57) stk på 74 (119) jakt dagar fordelt på 17 (26) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane.

Hare: Dårlig bestand

Rupe: Varierende vurdering av bestand, men flest rapportar om medels god bestand.

### Taksering/oppsyn:

*Jo Halgunset* utførte rypetaksering i august. Resultatet av takseringa var nedslående; enda mindre bestand enn førre året.

Fangstgrensa vart sett til 1 rype per dag / maks 5 ryper per sesong per jeger fordi takseringa viste at det var lite fugl og små kull.

### ***Reinsjakt***

#### *Snøhetta:*

Kvote: 2 frie dyr, 3 kluffbukk, 9 simle/ungdyr og 12 kalv.  
Felling: 1 vaksen bukk, 2 ung bukk, 5 vaksen simle, 1 ung simle, 3 bukkekalv og 2 simlekalv (fellingsprosent = 54)

#### *Rondane nord:*

Kvote: 1 simle/fritt dyr under 40 kg og 1 kalv.  
Felling: Ingen (fellingsprosent = 0)

### ***Rådyrjakt***

Bukkejakt: *Christoffer Baraas*  
Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Erland Løkken*  
" " 2 (nord for Raumabanen): *Christoffer Baraas*

Kvote: 5 dyr  
Felling: 1 bukk og 1 geit

### **UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG**

#### ***Leigetakarar pr. 31.12.2020:***

Sykehuset Innlandet: Ambulansestasjon  
Norsk Landbruksrådgivning  
Innlandet: Ragnhild Sjurgard (1 dag per veke)  
Q-meieriene: Kontoret vart oppsagt med verknad frå 01.10.2020

### **FORTSATT DRIFT**

Føresetnad for fortsatt drift er til stades og årsrekneskapan for 2020 er sett opp med denne føresetnad.

## ØKONOMI

Regnskapet for 2020 viser eit overskot på 281.434 mot kr 289.609 i 2019. Største endringane i høve til førre året er:

- + Sal av tømmer, netto: kr 254.487 (opp kr 252.122)
- Vedlikehald vegar: 240.084 ( opp kr 137.876)
- Bruksrettsytingar og tilskot: kr 273.509 ( opp kr 103.066)
- Sal av grus- og fjellmasse, netto: kr 241.022 (ned kr 83.268)
- Avskrivningar (etter nye satsar): kr 134.689 (opp kr 63.801)

Per 31.12.2020 er innestående beløp i bank og kasse kr 1.583.300 (opp kr 272.360). Kortsiktige krav er kr 940.598 (opp kr 238.824). Kortsiktig gjeld er kr 944.389 (opp kr 347.326).

Joramo Næringstun, 24.mars 2021

  
Tor Ivar Hovhaugholen  
leiar


  
Birger Brækken  
nestleiar

  
Pål-Lasse Torstad

  
Øivind Groven

  
Tore Amundgård

  
Marit Rolstad

  
Narve Tveiten  
ålmenningsstyrar

